

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato: 15.06.2017
Tidspunkt: 10:00 – 12:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Åse Gunn Husebø	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sara Økland	Medlem	FRP
Terje Kollbotn	Medlem	R

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
May Elin Limevåg	Sara Økland	FRP
Åsne Hagen	Terje Kollbotn	R

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS
Line Margrete Johansen	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Hordaland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune

Inge Reidar Kallevåg
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 66/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 67/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 68/17	Forvaltningsrevisjon av NDLA, Del II - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 69/17	Invitasjon til å delta i felles selskapskontroll av Vigo IKS	2017/4190	
PS 70/17	Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte AS	2016/11221	
PS 71/17	Handlingsplan - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i	2015/8849	
PS 72/17	Bestilling av forvaltningsrevisjon	2015/11179	
PS 73/17	Møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2018	2015/11149	
PS 74/17	Rekneskapsresultat hittil i 2017 i kontrollutvalet	2016/4239	
PS 75/17	Gjennomgang av møteprotokoller	2015/11023	
PS 76/17	Referatsaker		
RS 24/17	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. 23. mai 2017	2015/10348	
RS 25/17	Skatteinngangen pr. april 2017	2015/12603	
RS 26/17	Konsulentoppdrag Hordaland Fylkeskommune	2015/12605	
RS 27/17	Sak i FUV 23.05.17 - Finansrapport 1. tertial 2017	2016/4239	
RS 28/17	Sak i FUV 23.05.17 - Tertialrapport pr. april 2017 - rekneskapsprognose	2016/4239	
RS 29/17	Sak i FUV 23.05.17 - Framlegg til nye vedtekter for NDLA	2015/2073	
RS 30/17	Sak i FUV 23.05.17 - Revisjon av dei etiske retningslinene	2015/12602	
RS 31/17	Sak i FUV 23.05.17 - Revisjon av rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune	2015/12602	
PS 77/17	Eventuelt		

PS 66/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 67/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Vedtak

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 23.05.2017 vart samrøystes vedteke.

PS 68/17 Forvaltningsrevisjon av NDLA, Del II - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i høve den pågåande forvaltningsrevisjonen av NDLA – Del II og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 69/17 Invitasjon til å delta i felles selskapskontroll av Vigo IKS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er i utgangspunktet positiv til å delta i ein felles selskapskontroll av VIGO IKS.
2. Endeleg vedtak vert å komme tilbake til når det ligg føre forslag til prosjektplan som inneheld m.a. føremål, problemstillingar, revisjonskriterier, metodebruk, ressursbruk og leveringstidspunkt.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Kristian Helland (Krf) foreslår at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier nei til delta i denne selskapskontrollen.

Forslag til vedtak vart deretter samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er i utgangspunktet positiv til å delta i ein felles selskapskontroll av VIGO IKS.
2. Endeleg vedtak vert å komme tilbake til når det ligg føre forslag til prosjektplan som inneheld m.a. føremål, problemstillingar, revisjonskriterier, metodebruk, ressursbruk og leveringstidspunkt.

PS 70/17 Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 40 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 436 timar for forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte orienterte om status i høve pågåande forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at det framleis er utfordrane å få ut informasjon frå fylkeskommunen som revisor treng til å gjennomføre revisjonen.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte AS i revisjonsrapportar utvidar samandraget noko og flyttar konklusjonar og tilrådingane rett etter dette. Vurdere om det også kan leggjast inn lesarrettleiing i starten av samandraget.

Med dette som nytt punkt 2 vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 40 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 436 timar for forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt.
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte AS i revisjonsrapportar utvidar samandraget noko og flyttar konklusjonar og tilrådingane rett etter dette. Vurdere om det også kan leggjast inn lesarrettleiing i starten av samandraget.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

PS 71/17 Handlingsplan - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **fylkesrådmannen** har starta opp i samband med selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av handlingsplanen går det fram at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig i løpet av tidleg hausten 2017. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2017.
2. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Askøy Bompengeselskap AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september månad 2017, innan 01.11.2017.
3. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Beredt AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september månad 2017, innan 01.11.2017.
4. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Bybanen AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september månad 2017, innan 01.11.2017.
5. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Hardanger AKS AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.
6. Kontrollutvalet registrerer at det av tilbakemeldinga går fram at **Hardangerbrua AS** ikkje har sett i verk tiltak i høve det som kom fram i den gjennomførte selskapskontrollen av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dei meiner at dette arbeidet bør vente til dei skal gå inn i det regionale bompengeselskapet Sørvest Bomvegselskap AS og ber om utsetjing inntil overtaking er gjennomført. Etter det vi kjenner til skal ikkje Hardangerbrua AS overtakast av det nye selskapet før i 2018. Slik kontrollutvalet ser det er det ikkje tilfredsstillande at Hardangerbrua AS ikkje har sett i verk tiltak i tråd med det som kom fram i selskapskontrollen, men etter ei totalvurdering får Hardangerbrua AS ei utsetting slik dei ber om.

7. Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Hordaland Teater LL** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg purring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast.
8. Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Kveik AS** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg purring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast.
9. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Moster Amfi AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste bør kontrollutvalet be om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.
10. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Odda vegfinans AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.
11. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Stord Lufthamn AS** har planlagt å sette i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet skal vera ferdig implementert frå 01.01.2018 med utarbeiding av prosedyrar og oppretting av postjournal. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i forbetningsarbeidet i form av kopi av prosedyrar og postjournal innan 31.12.2017.
12. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Vestnorsk filmsenter AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Kontrollutvalet var samde om at dei vil vurdere å kalle inn styreleiarane i selskapa Hordaland Teater LL og Kveik As dersom svar ikkje vert motteke.

Med denne tilføyinga for desse to selskapa, vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **fylkesrådmannen** har starta opp i samband med selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av handlingsplanen går det fram at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig i løpet av tidleg hausten 2017. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2017.
2. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Askøy Bompengeselskap AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.

3. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Beredt AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.
4. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Bybanen AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.
5. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Hardanger AKS AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.
6. Kontrollutvalet registrerer at det av tilbakemeldinga går fram at **Hardangerbrua AS** ikkje har sett i verk tiltak i høve det som kom fram i den gjennomførte selskapskontrollen av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dei meiner at dette arbeidet bør vente til dei skal gå inn i det regionale bompengeselskapet Sørvest Bomvegselskap AS og ber om utsetjing inntil overtaking er gjennomført. Etter det vi kjenner til skal ikkje Hardangerbrua AS overtakast av det nye selskapet før i 2018. Slik kontrollutvalet ser det er det ikkje tilfredsstillande at Hardangerbrua AS ikkje har sett i verk tiltak i tråd med det som kom fram i selskapskontrollen, men etter ei totalvurdering får Handangerbrua AS ei utsetting slik dei ber om.
7. Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Hordaland Teater LL** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg purring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast. Kontrollutvalet vil vurdere å kalle inn styreleiaren i Hordaland Teater LL dersom svar ikkje vert motteke.
8. Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Kveik AS** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg purring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast. Kontrollutvalet vil vurdere å kalle inn styreleiaren i Kveik AS dersom svar ikkje vert motteke.
9. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Moster Amfi AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste bør kontrollutvalet be om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.
10. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Odda vegfinans AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.
11. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Stord Lufthamn AS** har planlagt å sette i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet skal vera ferdig implementert frå 01.01.2018 med utarbeiding av prosedyrar og oppretting av postjournal. På bakgrunn av dette ber

kontrollutvalet om ny status i forbetningsarbeidet i form av kopi av prosedyrar og postjournal innan 31.12.2017.

12. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Vestnorsk filmsenter AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.

PS 72/17 Bestilling av forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 07.08.2017 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ønskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan «Arkivering og journalføring» og «Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall».

Det vart gjennomført ein idé dugnad der det kom fram desse momenta til problemstillingar i forvaltningsrevisjonane:

Arkivering og journalføring

- Jf. mot tilsvarande revisjon i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Er dokument unnateke offentleggjering i tråd med lov.
- Innsyn og meirinnsyn i høve offentleglova
- Vurdering av innsynskrav
- Arkivering av e-post, SMS, telefonsamtalar, lyd, video, sosiale mediar, mv.

Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall

- Årsaker kontra tiltak
- Beste praksis innan fylket og over fylkesgrenser, beste kontra andre
- Avstand til skulen frå heimen
- Utvikling over tid samanlikna med andre
- Forskjell på yrkesfag kontra studiespesialiserand
- Sjå også på revisjon frå 2009 om den har virka
- Bli fråfall registrert på korrekt måte, annleis enn i andre fylke

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Arkivering og journalføring» og «Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall».
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 07.08.2017 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

PS 73/17 Møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2018

Forslag til vedtak

Forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2018 vert godkjend slik den ligg føre.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Det vart gjort slike endringar i møteplanen:

- 12.02.18 vert endra til 05.02.18
- 19.03.18 vert endra til 12.03.18
- 11.06.18 vert endra til 04.06.18
- 29.10.18 utgår
- 26.11.18 vert endra til 19.11.18

Med desse endringane vart møteplanen samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2018, med dei endringane som kom fram i møtet, vart godkjend.

PS 74/17 Rekneskapsresultat hittil i 2017 i kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2017 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Kontrollsjef Hogne Haktorsen presenterte rekneskapsrapportane og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2017 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

PS 75/17 Gjennomgang av møteprotokoller

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkesutvalet 03.05. og 23.05.2017
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling 16.05.2017
- Utval for opplæring og helse 09.05.2017
- Utval for miljø og samferdsel 10.05.2017

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 76/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Vedtak

Referatsakene vart tekne til orientering.

PS 77/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Sidan to av dei faste medlemmane har meld forfall til møte 28. – 29.08.17, vert NDLA-rapport å handsame i ekstra møte 12.09.17.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har innspel til desse tema til folkevaldopplæringa for kontrollutvala i dei 4 fylkeskommunane på Vestlandet 15. – 16.01.2018:

- Habilitet
- Eit case frå kvar fylkeskommune, med NDLA som case frå Hordaland

Sekretariatet orienterte frå FKT-konferansen i Tromsø som vart halde 07. – 08.06.2017.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forvaltningsrevisjonsrapport NDLA – Del II, vert å handsame i ekstra møte i kontrollutvalet 12.09.2017.
2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har innspel til desse tema til folkevaldopplæringa for kontrollutvala i dei 4 fylkeskommunane på Vestlandet 15. – 16.01.2018:
 - Habilitet
 - Eit case frå kvar fylkeskommune, med NDLA som case frå Hordaland